

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 04.11.2020

Frank Willy Pedersen Djuvik (Frp) sette på vegner av Frp, H og FNB fram slikt forslag:

«Alternativ:

Det vert ikkje innført ombordtillegg for bruk av bankkort på bussane i Hordalandskontraktane.»

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, MDG, SV og Sp fram slikt forslag:

«Tillegg:

Ombordtillegg i Sone A for bankkort vert gjort ut frå omsynet til å halde effektiv rutetid, og vil ikkje gje føringar på ruter i resen av fylket.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 7 røyster (H, Frp, FNB, Krf).

Djuvik sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, FNB og Krf) og fall.

Brosvik sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (H, FNB, 1 Frp og 1 A).

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet støttar forslaget om at prinsippa som ligg til grunn for ombordtillegg på kontantbetaling om bord på bussane (og om bord på båtruta mellom Kleppestø og Strandkaien) i Sone A (Hordaland) vert lagt til grunn ved innføring av betaling med bankkort. Frå innføring av bankkort som betalingsmiddel på bussane, vert det ombordtillegg på betalingar med bankkort for einskildbillettar.

Ombordtillegg i Sone A for bankkort vert gjort ut frå omsynet til å halde effektiv rutetid, og vil ikkje gje føringar på ruter i resen av fylket.